

Handlingsplan internasjonalisering

Firda vidaregåande skule

Planen er oppdatert september 2007 og gjeld no for dette skuleåret og vidare framover.

Generelt:

Firda vgs skal vere ein skule der det internasjonale perspektivet er synleg og prioritert i det vanlege læringsarbeidet, ved spesielle arrangement og framfor alt ved at ein arbeider aktivt for å skaffe varige kontaktar med utdanningsinstitusjonar i utlandet . Å få til elevutveksling har første prioritet.

Inntil vidare er det rektor Kjell Arnestad som har ansvar for feltet. Lærarar kan vende seg til han med spørsmål om internasjonaliseringsprosjekt i planleggingsarbeidet, når det gjeld å finne fram til informasjon om støtteordningar, erfaringsutveksling med andre skular etc.

1. Det vanlege læringsarbeidet

Det internasjonale perspektivet skal dragast inn i det vanlege læringsarbeidet i alle fag der det er naturleg. Det gjeld også fag som ikkje eksplisitt har målformuleringar om dette i lære-planen. Det er lærar som har ansvar for å halde seg oppdatert og vurdere kva hendingar som kan dragast inn i undervisninga til gjevne tidspunkt og på gjevne temaområde.

2. Operasjon dagsverk/internasjonal dag

Skulen skal kvart år delta i operasjon dagsverk (OD) og arrangere internasjonal dag (ID)*. Ved starten av nytt skuleår må elevane velje OD/ID-styre. Styret må straks gå i gong med å planlegge arrangementa, skaffe materiell og føredragshaldarar og lage køyreplan.

OD/ID-styret får støtte og hjelp frå person i leiinga i planlegginga, og heile skulesamfunnet skal bidra i gjennomføringa av arrangementa.

*Erfaringar frå dei seinaste åra tilseier at internasjonal dag blir arrangert som to halve dagar i staden for ein heil.

3. Elevar frå andre land som stipend-elevar/voluntørar på skulen

Skulen har erfaring for at det har stor verdi stadig å ha ungdomar frå andre land og kulturar i skulemiljøet. Skulen skal difor marknadsføre seg som vert for utanlandske elevar som søker ulike former for stipendopphald eller for voluntøropphald*.

Det skal leggjast til rette for at eventuelle stipendiatar og voluntørar blir integrerte i skulemiljøet så fort og så godt som muleg.

Det kan også vere innvandrarar i miljøet som ville ha interesse av å bidra på ein eller annan måte i skulesamfunnet.

*voluntør er elev som på frivillig basis har teke på seg ulønna arbeid utanfor heimlandet mot å få gratis opphald og lommepengar

4. Lærarar frå andre land på skulen event. lærarutveksling

Å ha gjestelærarar frå andre land på eigen skule i ein gitt periode eller eigne lærarar med erfaring frå stipendopphald i utlandet vil også vere verdifullt i internasjonaliserings-samanheng.

Det finns stipend og andre finansieringsordningar for slike studieopphald som er lite søkte til, og dermed relativt lett tilgjengelege.

Skulen må marknadsføre interesse for å ta imot lærarar utanfrå og stimulere eigne lærarar, ikkje berre språklærarar, til å skaffe seg internasjonal erfaring gjennom studieopphald i utlandet.

5. Ekskursjonar og elevutveksling

Ekskursjonar og elevutveksling må forankrast i lærplanene i eit eller fleire fag og førebuast grundig. Dei store elevturane til m.a. til Praha eller Berlin som ein tidlegare hadde på VKII tilfredsstillar ikkje dette kravet.

Skulen har dessutan ikkje budsjett-dekning for å sende så mange lærarar på ekskursjon.

5.1 Ekskursjonar

Skulen skal gje mulegheiter og stimulere til seriøse og fagretta ekskursjonar. Det sikraste kriteriet for kvalitet er at lærar og elevar i aktuelle fag ser opning og er motiverte for læring på ny og spennande måte ved å koble aktiviteten til internasjonalt samarbeid i ei eller anna form.

Det er difor faglærar i eit gjeve fag som saman med elevane tek initiativ, utarbeider plan og sender søknad til leiinga. Dette må gjerast i god tid før ekskursjonen er tenkt avvikla. Det blir sett ein frist for søknad. Leiinga vurderer og gir klarsignal eller avslår søknadene.

Ekskursjonane skal må avviklast i same tidsrom i skuleåret. Dette for å unngå unødvendig oppløysing av klasser/grupper og stans i framdrift av læringsarbeidet.

Å delta på ekskursjon må alltid vere frivillig, og det må lagast alternativt opplegg for dei som ikkje ønskjer å delta. For at ein ekskursjon skal kunne gå, må ein likevel setje eit minstekrav til deltaking. Ein ser ikkje for seg at det er rimeleg å avvikle ekskursjon dersom halvparten eller færre av klassa/gruppa vil delta.

Kostnad kan vere ei sperre for deltaking, det gjeld lærarsida (budsjettomsyn) og elevsida. Det er viktig at dette perspektivet er med frå starten slik at ein ikkje opplever å ha gjort eit stort førebuingsarbeid forgjeves.

5.2 Elevutveksling

Dette er den forma for internasjonalt samarbeid som gjev størst utbyte og som difor skal prioriterast framfor annan aktivitet i tilfelle det er konkurranse når det gjeld finansiering frå skulen si side. Ved utveksling må ein må vere fleksible m.o.t. tidspunkt for utvekslinga og når det gjeld fag og tema. Det som likevel ligg fast er at elevutveksling også må knytast til læreplaner i fag og det vanlege læringsarbeidet. Det må ikkje kome i tillegg til eller ligge utafor dette.

Det finst fleire program og kjelder som yter økonomisk tilskot til slikt internasjonaliserings-arbeid. Ansvarleg for feltet på skulen må vere godt orientert om desse og om kvar ein finn ekstra informasjon.

5.3 Oversyn over aktivitet på årssteg

5.3.1 Grunnkurs

På grunn av kort tid til førebuing (ein kan ikkje starte året før) vil ein ikkje opne for fagekskursjon eller utveksling på grunnkurset.

Det som er høgst aktuelt er at ein i løpet av skuleåret så smått byrjar å tenkje gjennom og introdusere tanken på eventuelle internasjonaliserings-prosjekt. Det gjeld f.eks i 2. framand-språk eller i studieretningsfag/programfag.

5.3.2 VK I

Det er opning for fagekskursjon eller elevutveksling knytt til kva som helst fag eller studieretning.

Elevutveksling har prioritet. Det er lærar i lag med elevar som har initiativet.

Søknad til leiinga skal leverast innan ein gjeven frist.

Ein vil spesielt peike på at skulen har språktilbod i engelsk, tysk, fransk og spansk. I læreplanene er det mål om språkferdigheit og om kjennskap til historie, geografi og kultur i vedkomande land. Det vil vere ønskjeleg at ein arbeider for å skaffe seg kontaktskular i desse språkområda. Eit av måla for ekskursjonen eller utvekslinga vil då vere å få til utvida og bedre læring i vedkomande språk. I tillegg kan ein sjølsagt ha felles prosjekt med aktuell skule om andre fag.

5.3.3 VKII

Det er opning for fagekskursjon eller elevutveksling. Elevutveksling har prioritet. Eventuell ekskursjon skal forankrast i læreplaner. Initiativ må kome frå faglærar og elevar, og ekskursjonane må grundig førebuast.

Reisemålet er fritt, men det er visse krav som måtte vere tilfrdsstilte:

- Det må vere ein stad som gir høve til omfattande og seriøse fagopplegg (det er ikkje nok med eit museumsbesøk e.l.)

- Det må vere kommunikasjonsmessig greit å kome dit
- Det må vere overkomeleg pris for reise og opphald (ca 4000 for ei veke)

Tidsrom fro ekskursjonar og frist for søknad

Eventuelle ekskursjonar skal i avviklast i 2. termin, fortrinnsvis mellom vinterferien og påskeferien. For skuleåret 2007-2008 er veke 11 (10.-15. mars) merka som ekskursjonsveke.

Førebels søknad til ekskursjon

Denne skal leverast til rektor innan 9. november. Denne må innehalde opplysningar om reisemål og reisemåte, tidsrom for ekskursjonen, beskriving av det faglege opplegget, kostnad pr. elev og tal på deltakarar, antall lærarar som skal delta og kostnader for desse.

rektor